

Rosendal musikklag plasserte seg laurdag som nummer 16 av 19 korps i 3. divisjon i Siddis Brass i Stavanger. Korpset fekk totalt 90 poeng – 84 (av 100) for framføring og 6 (av 10) for programval. Dirigent for korpset er Torstein Hatlevik.

Det vert elles meldt om ein flott og inspirerende korpstur. Siddis Brass er verkeleg ein korpskonkurrans som trekkjer til seg alle dei beste i landet. Manger Musikklag og Pål Magne Austnes, tubaisten som kjem og skal samarbeida med skulekorpsa våre over nyttår, vann ein klar og fortent siger i elitedivisjonen. Dei fekk 106 poeng og vann med klar margin til Eikanger Bjørsvik Musikklag og Stavanger Brass Band.

- Det var fullt fortent! Dei framførte eit fantastisk flott og publikumsvennleg program på perfekt vis, melder vår kjelde.

Kornettisten og stortalentet Erlend Aagaard Nilsen vann solistprisen i elitedivisjonen.

Rosendal Musikklag stiller nok heilt sikkert i Siddis Brass også neste år. Å delta i slike arrangement er nok eit av verkemiddela som har medverka til at dette korpset har halde eit så godt nivå gjennom mange år.

Alle resultat finn de på <http://www.stavanger-brassband.no/siddis-brass/>

Av Thor Inge Døssland